

Vi som står bak selskapet PocketID AS har lang fartstid innan skulefotografering der ein viktig del av jobben har vore å produsere skulebevis/ID-kort til elevar og tilsette. Vi har vore ein del av utviklinga frå dette kun var eit "plastkort" som skulebevis, til dagens kort som skal dekke funksjonane også for bibliotek, kopimaskin/printer, døropnar, skuleskyss og kantine.

På grunn av dei nye funksjonane er skulane/studieplassane avhengig av å få korta så fort som mogleg etter skule/studiestart. Dette har skapt utfordringar.

Vi har lenge sett at tida er overmoden for å finne nye og betre løysingar for skule/studentbevis, så for tre år sidan sette vi i gong prosjektet som har resultert i den mobile løysinga PocketID.

Heile plattformen er bygd opp omkring innlogging via FEIDE som alle elevar og studentar brukar dagleg. Dette skuleåret er det ca 30.000 elevar i vidaregåande skule som brukar denne tenesta, og tilbakemeldinga er udelt positiv. Ryktet går, og langt fleire skular og fylkeskommunar ynskjer å gå over til denne løysinga komande skuleår.

For ca 1/2 år sidan vart vi kontakta av ein av høgskulane i landet. Dei hadde vorte kjent med PocketID, og ba om eit møte. Dette vart eit svært konstruktivt møte der vi fekk presentert ei av høgskulen sine utfordringar. Eit enormt stress og arbeid for å fotografere alle studentane og produsere studentbevis til desse. I følge dei var fire personar sysselsette i ein mnd for å gjennomføre fotograferinga og produsere studentbevisa. Kunne PocketID gjere denne arbeidskrevjande og kostbare prosessen enklare? Målsetjinga deira var å kunne sleppe det omfattande arbeidet med fotograferinga, og å få ein meir rasjonell form for kortproduksjon. For dei ville, i alle fall i ein overgangsfase fortsetje å bruke "plastkorta" til ulike funksjonar på høgskulen, i tillegg til at studentane hadde studentbeviset og ein del tekniske funksjonar på mobiltelefonen.

Sidan vi har bygd heile "plattformen" og all teknologi sjølve, og har eigne utviklarar som tilpassar ulike behov, vart dette ei interessant utfordring for oss. Reultatet har vorte at vi har utvikla appen med ein eigen "selfie"-funksjon. Når studentane får tildelt studieplass, får dei også melding om sin nye FEIDE-ident. Studenten lastar ned appen PocketID og loggar seg inn via FEIDE. Her vil studenten verte presentert for instruks for den nye fotofunksjonen og får instruks om korleis ta bilde av seg sjølv. Bildet vert kroppa til standard portrettstørrelse før studenten kryssar av og bekreftar at "DETTE ER MEG"

Bildet vert lasta opp til vår backend/server som høgskulen også har tilgang til. Bilda med all nødvendig informasjon som fødselsdato o.l. vert lagt i batch kobla opp mot ID-skrivaren. Personalet på høgskulen får då ein automatisk prosess med å printe korta.

Dette kan verte gjort i dagane før studiestart, slik at personalet på studiestaden kan printe korta før første studiedag. Når studentane kjem til første studiedag går dei i resepsjonen og får utlevert studentkortet. Personalet vil då sjå at det er rette personen på bildet, og informasjonen er henta frå FEIDE som igjen hentar informasjonen frå Folkeregisteret.

Under heile utviklingsprosessen har vi hatt tett dialog med UNINETT som utviklar FEIDE og Dataporten. Her har vi fått enormt god hjelp og tilbakemeldingar. Og dei er tydelegvis svært godt fornøygde med løysinga vi har bygd opp. I følge dei har vi bygd ei langt betre løysing enn den som Høgskulen i Oslo og Akershus har bygd opp. Så når vi no tek kontakt med dykk, er det ikkje minst basert på oppfordring frå folka i UNINETT.

Vi tek gjerne eit møte med dykk for å presentere PocketID og dei nye løysingane vi har utvikla for høgskular og universitet.